



FINNØY KOMMUNE

Det KGL. Kommunal og Regionaldept.
Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.: 08/101-2

Arkiv: 103, &13

Dato: 31.01.2008

INNTAKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE - HØYRING

Vi viser til brev datert 26.10.07

Her følger saksutgreiinga med vedtak:

FINNØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	15.01.2008	011/08	KOM
Kommunestyret	29.01.2008	009/08	KOM

Saksansvarleg Magne Kongsvik	Arkiv: K1-103, K3- &13 Objekt:	Arkivsaknr 08/101
---------------------------------	--------------------------------------	----------------------

INNTAKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE - HØYRING

Dokumentliste:

Saksutgreiing:

Ein viser til brevet frå departementet og til samandraget frå rapporten frå Sørheimutvalet.

Som ein ser har utvalet hatt eit mandat for arbeidet sitt, og har då halde seg til desse punkta.

Vurdering:

Skatt/rammetilskot. Utvalet konkluderer med at ein bør halde på noverande ordning med at skatten utgjer rundt 50 % av frie inntekter. Dette er då gjennomsnittstal for kommunane. For Finnøy ligg nok skatteandelen på ca. 45 % og rammetilskotet på ca. 55 %. For små kommunar vil det nok vere best at rammetilskotsandelen er på minimum 50 %, då dette vil gje mindre variasjonar i samla inntekter enn om skatteandelen var vesentleg høgare enn 50 %.

Utjamning av skatteinntekter mellom kommunane. Fleirtalet i utvalet ønskjer å nytte dagens modell, men med oppjustering av utjamningsprosenten frå 55 til 60 %. SP og V ønskjer å løfte alle kommunane opp til minst 95 % av landsgjennomsnittet, og då finansiere dette ved å

trekke inn skatt frå kommunar med meir enn 115 % av landsgjennomsnittet. For Finnøy som ligg på ca. 83 % av landsgjennomsnittet, så ville ein slik ordning vore gunstig. Det er nok likevel klart at det ikkje er eit politisk fleirtal for å gå så langt i inntektsutjamninga.

Selskapsskatt. Det har vore ulike ordningar for denne skatten. I noverande system blir skatten berekna og lagt inn i rammetilskotet. Modellen som fleirtalet går inn for er at selskapsskatten som kommunal skatt vert avvikla, og at ein justerer opp skatten på alminneleg inntekt og formue. Store kommunar med mange bedrifter vil nok tape på denne ordninga, t.d. Stavanger kommune. For Finnøy kommune vil fleirtalet sitt standpunkt neppe bety særleg for våre samla inntekter.

Distriktpolitiske tilskot i inntektssystemet. Her kjem ein til eit av punkta som vil gje stort negativt utslag for Finnøy kommune. Vi mottok for 2008 kr. 5.296.000 i regionaltilskot avdi vi har låge skatteinntekter og under 3200 innbyggjarar. Forslaget frå utvalet går på å endre regionaltilskotet til eit distriktpolitisk tilskot som meir skal fordelast til kommunar med fråflytting og dårlege levevilkår, og då til kommunar som kjem inn under øvrig distriktpolitiske verkemidlar. Kommunane i Nord-Norge skal prioriterast særskilt. Sidan Finnøy ligg i pendleavstand frå Stavanger/Nord-Jæren, fell vi ut av det nye tilskotet. Det same vil Kvitsøy, Bokn, Bjerkreim og Lund. Utsira kjem inn under det nye systemet, men med berre vel halvdel av det dei no får som regionaltilskot. Sauda og Sokndal kjem inn med det nye tilskotet i tillegg til Utsira. Eit inntektstap på 5,3 mill vil ha stor negativ verknad for Finnøy kommune.

Vekst, fråflytting og oppdatering av folketal. Utvalet føreslår at ein endre justeringa for folketal til 01.07 året før budsjettet i staden for 01.01 i budsjettåret. På denne måten slepp ein trekk i rammetilskotet midt i budsjettåret. Kompensasjonen for aukt folketal kjem då eit halvt år seinare. I tillegg vert det innført eit eige veksttilskot for kommunar med sterk folketilvekst. Denne ordninga vil truleg ikkje ha særleg å seie for Finnøy, men ein unngår trykk i rammetilskot inne i budsjettåret dersom vi har nedgang i folketallet.

Skjønnsmidlar i inntektssystemet. Her mottok Finnøy kommune kr. 7.086.000 for 2008. Inkludert i dette er kompensasjonen for aukt arbeidsgjevaravgift. Denne delen vil halde fram vidare, men elles går forslaget ut på at omfanget av skjønnsmidlane bør reduserast betydeleg. Sidan Finnøy kommune mottok betydelege skjønnsmidlar utanom kompensasjonen for arbeidsgjevaravgift, vil vi nok tape på ei slik omlegging.

Overgangsordninga. Dagens overgangsordningar er nokså kompliserte etter som nye midlar blir innlemma med overgangsordning på 5 år, og andre ordningar er under avtrapping. Avvikling av overgangsordninga og innføring av ein inntektsgaranti (INGAR) der tapet i høve til gjennomsnittleg vekst i rammetilskot pr. innbyggjar ikkje skal bli større enn kr. 300 pr. innbyggjar. Denne ordninga vil då gjere at tapet vi får på grunn av det nye distriktpolitiske tilskotet, vil bli fordelt over fleire år.

Finnøy kommune har kome rimeleg godt ut av dagens inntektssystem sjølv om vi meiner at kostnadsulempene med å vere øykommune ikkje er godt nok ivaretatt. Vi har fått rimeleg bra uttelling via regionaltilskotet og via gode tildelingar av skjønnsmidlar. Med fastlandssamband for ca. 60 % av folketallet ville nok vårt regionaltilskot kunne hatt ei noko usikker framtid, men med det nye distriktskottet fell vi heilt bort når dette blir innført. Ved å redusere volumet for skjønnsmidlar totalt, er det nok stor fare for at kommunen også vil tape på dette.

verknaden blir at tapa blir realiserte. Det kan difor sjå ut som om det blir relativt tyngre å drive Finnøy kommune framover. Innføringa av eigedomsskatt vil kanskje ikkje kome som ein pluss for tenesteytinga hos oss, men meir for å demme opp for nedbygging. Sjølv sagt kan innflytting og auka skatteinntekter/rammetilskot inntreffe, men dette har som regel også ei utgiftsside.

Ut frå ei samla vurdering finn ein å ville uttale seg positivt til dei fleste punkta i tilrådinga frå Sørheimutvalet, men vil be om at noverande ordning for regionaltilskot held fram. Ein vil vidare be om at reduksjonen i samla ramme for skjønnsmidlar ikkje må bli for stor. Utan dette atterhaldet vil ein tru at det blir vanskar med å oppretthalde småkommunar som Utsira, Kvitsøy, Bogn, Bjerkreim og Finnøy i eit sentralt fylke som Rogaland.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet viser til saksutgreiinga frå rådmannen og uttaler seg positivt til mange av forslaga frå Sørheimutvalet om overføringssystemet for kommunane.

Når det gjeld punktet om distriktpolitisk tilskot, så vil dette ha så store negative konsekvensar for Finnøy kommune og andre småkommunar i Rogaland, at ein ber om at noverande regionaltilskot og Nord-Norge tilskot held fram.

Likeeins vil Finnøy kommune be om at rammene for skjønnsmidlar ikkje blir reduserte for mykje, slik at fylkesmenne ikkje blir i stand til å utjamne økonomiske tilhøve som kommunane sjølve ikkje har kontroll med.

FSK-011/08 VEDTAK 15.01.2008:

Heidi Skifjell (V) sette fram slikt forslag:

"Formannskapet viser til saksutgreiinga frå rådmannen om forslaga frå Sørheimsutvalet. Sjølv om formannskapet i Finnøy ser positivt på nokre av punkta i innstillinga frå Sørheimsutvalet, så er vi svært urolege når det gjeld punktet om distriktpolitisk tilskot. Dette vil ha så store negative konsekvensar for Finnøy kommune og andre småkommunar i Rogaland, at ein ber om at noverande regionaltilskot og Nord-Norge tilskot held fram. Likeeins vil Finnøy kommune be om at rammene for skjønnsmidlar ikkje blir reduserte for mykje, slik at fylkesmennene ikkje blir i stand til å utjamne økonomiske tilhøve som kommunane sjølve ikkje har kontroll med."

Rådmannen trekte sin innstilling, og forslaget frå Heidi Skifjell vart samrøystes vedtatt.

KS-009/08 VEDTAK 29.01.2008:

Grethe Kolbjørnsen (H) sette fram følgjande tillegg til innstillinga:

Selskapsskatten bør framtidig tilfalle hjemstavnskommunen.

Det blei først røysta over bare formannskapet si tilråding. Vedtak blei samrøystes som formannskapet si tilråding.

Tilleggsforslaget til Grethe Kolbjørnsen fekk 1 røyst (Grethe Kolbjørnsen H) og falt.

Med venleg helsing

Finnøy kommune



Torunn Hobberstad Ueland
serviceleiar

Kopi til:

KS

Revisor

Øk. avd.

Haakon VII gt. 9

0144